

Vår saksbehandler  
Nina Hagen, tlf. +47 95241256

Vår dato  
27.06.2024  
Deres dato

Vår referanse  
24/00037-3  
Deres referanse

Samferdselsdepartementet  
Postboks 8010 Dep  
0030 OSLO

## Tilsynsrapport 2024-03: Etterleving av Kommisjonsdelegert forordning (EU) 2015/962

Vegtilsynet har undersøkt om Statens vegvesen etterlever krav i Kommisjonsdelegert forordning (EU) 2015/962 av 18. desember 2014.

Statens vegvesen har oppgaver knytt til tilgjengeleggjering av trafikkinformasjonstenester i sanntid på EU-plan. Vegtilsynet har kontrollfunksjon med etterleving av forordninga, jf. artikkel 11, og skal annakvart år rapportera slik at Samferdselsdepartementet kan levera rapport til EU-kommisjonen.

Vegtilsynet varsla Statens vegvesen om tilsyn 25.04.2024. Vegtilsynet mottok 03.06.2024 følgjande dokumentasjon:

- Omtale av teneste som vert tilbydd, samt opplysningar om kvaliteten på tenestene og vilkåra for vidare bruk av data, jf. artikkel 11, punkt 2, bokstav a)
- Eigenerklæring om oppfylling av krava i artikkel 3-10, jf. artikkel 11, punkt 2, bokstav b)

Vegtilsynet har undersøkt om dokumentasjonen frå Statens vegvesen oppfyller krava i forordninga. Statens vegvesen har etter artikkel 11, punkt 2, bokstav b) framlagt eigenerklæring, og krava i artikkel 3-10 er i følgje eigenerklæringa oppfylt. Det er ikkje gjennomført stikkprøvekontroll i saka.

Vegtilsynet si vurdering er at Statens vegvesen oppfyller krava i Kommisjonsdelegert forordning (EU) 2015/962 artikkel 3-10.

Med helsing  
Vegtilsynet

Vegard Hansen  
direktør

Nina Hagen  
tilsynsleiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har ingen signatur.*

Kopi til:  
Statens vegvesen

Vedlegg:

- Statusrapport for 2024 som omtalar Statens vegvesen sine tenester når det gjeld tilgjengeleggjering av trafikkinformasjonstenester i sanntid på EU-plan, datert 03.06.2024
- Eigenerklæring frå Statens vegvesen, datert 31.05.2024

Postadresse  
Vegtilsynet  
Brynalii 102  
5705 VOSS

Besøksadresse  
Brynalii 102  
5705 VOSS

Telefon  
+47 56528800

E-post  
post@vt.no

Foretaksregisteret  
917928010